

(10) KOM TIL LIV, LISJA, KOM!

Tekst: **FREDDIE LANGRIND**. Kjelde: «Will ye go lassie go» (skotsk trad.)
Eg finn att stemninga frå ein gamal urtehage i denne skotske visa, og fabulerer...

(Opprinneleg takt 6/8) G F C Am F



Det går som - mar ov - er hei, _____ og det bløm - er seg i

G6 Am7 Em Am7 Dm



7 li - a. _____ der kryp ur - ter som vill - strå _____ og gir an - ge

Dm7 F C F C



14 att - med stig - en. _____ Kom til liv, lis - ja, kom! _____ Og vi

Am F G6 Fmaj7 G6 Am



21 går her i - sa - man _____ att-med ang - an - de ur - ter _____

Dm Dm7 F C F C



28 _____ der det bløm - er seg i li - a. _____ Kom til liv, lis - ja, kom!

Det går sommar over hei, og det blømer seg i lia,
der kryp urter som villstrå / og gir ange attmed stigen.
Kom til liv, lisja, kom! Og vi går her isaman
attmed angande urter / der det blømer seg i lia.
Kom til liv, lisja, kom!

Eg vil gi min elskte ven / lutra svaledrykk ved kjelda.
Eg vil strø på vårt leie / vakker blomeprakt frå lia.
Kom til liv, lisja, kom! Og vi går her isaman
attmed angande urter / der det blømer seg i lia.
Kom til liv, lisja, kom!

Eg vil gå på jegervis / ut i jungelkratt og dalar
og gå heim med mitt bytte / til min elskte ven ved kjelda.
Kom til liv, lisja, kom! Og vi går her isaman
attmed angande urter / der det blømer seg i lia.
Kom til liv, lisja, kom!

Om min elskte ven gjekk bort, vil eg finne meg ein annan
der kor liane blømer, og ein nattfiol gir løfter.
Kom til liv, lisja, kom! Og vi går her isaman
attmed angande urter / der det blømer seg i lia.
Kom til liv, lisja, kom!



Original

On the summertime is come, and the trees are sweetly blooming
And the wild mountain thyme grows around the blooming heather.

*Will ye go lassie go, and we'll all go together
To pull wild mountain thyme,
All around the blooming heather,
Will ye go lassie go.*

I will build my love a bower by yon cool crystal fountain
And on it I will pile all the flowers of the mountain.

I will range through the wild and the deep glen sae dreary
And return wi' my spoils to the bower of my dearie.

If my true love she were gone then I'd surely find another
Where the wild mountain thyme around the blooming heather.